

---

**Fra:** Kristin Nielsen  
**Sendt:** 30. januar 2015 15:45  
**Til:** 'Dag Dalland'  
**Emne:** SV: Knarvik Aust - felt B6 - søknad om rammetillatelse og parkering

Hei!

Vi har motteke fleire notat frå deg og har lese gjennom dei, men har dverre ikkje moglegheit til å formelt godkjenne disse.

Eg vil takke for det andre oppklarande materiale som er sendt inn.

I slutten av neste veke eller veka etter vil de få tilsendt eit brev kor vi spør om tilleggsinformasjon, der vil de få opplyst det vi treng for å handsame saka vidare. Ved innsending om tilleggsinformasjon ber vi om at dette blir gjort samla.

Pr. i dag er det ikkje avdekkja fleire forhold det må søkast om dispensasjon frå, enn det vi snakka om på møtet den 19.01.2015. Det vil vere eit etterhald om at det kan dukke opp fleire punkt. Ein kort oppsummering av dispensasjonssøknadene vi snakka om på møtet:

- Det må søkast om dispensasjon for avkjøyrsla som gjeld veg for brannbil/internveg frå Lonsvegen.
- Det må søkast om dispensasjon for parkeringsplassane. Eg vil gjere merksam på at dette gjeld to punkt i reguleringsbestemmelsene: 3.5.1 (at alle p-plassar leggast i parkeringshus) og 4.4.1 (at dette ikkje lenger skal vere ein rein gjesteparkeringsplass). Disse punktene vil naturleg nok vere knytt saman.
- Eventuelt: Som diskutert i møtet 19.01.2015 må det søkast om dispensasjon for vegarealet v/starten av internvegen lengst aust på B6 som i dag er teikna så vidt inn på område som er regulert som grøntareal. Om de flyttar vegen ut av grøntarealet, vil kravet om dispensasjonsøknad for dette punktet falle bort.

Vi kan frå vår side ikkje sjå at det er ytterlegare forhold som må søkast om dispensasjon frå, men vi forutsetter at de som søker avdekker eventuelle avvik i saka.

Dispensasjonssøknadene må som sagt i møtet 19.01.2015 nabovarslast.

Eit anna punkt som vil vere særskilt viktig å ha på plass, som vil bli omtala i brevet om tilleggsinformasjon, men som eg for ordens skull likevel vil opplyse om no, er kapittel 2.7 om brannsikring og spesielt § 2.7.1 i reguleringsbestemmelsene:

«Ved handsaming av utbyggingsplan og rammeløyve skal det vera gitt godkjenning av brannstyresmaktene i kommunen.»

Det er mogleg at dette allereie er gitt av brannstyresmaktene, men vi har ikkje motteke det frå dykk. Om det ikkje ligg føre, må dette framskaffast før rammeløyve kan gis.

Eit punkt som også kjem i brevet om tilleggsinformasjon, men som eg vil opplyse om no:  
Delar av parkeringsplass f\_PP1 ligg på gnr 188/739 som er eigd av Lindås kommune (NB! Må ikkje forveklast med Lindås Tomteselskap.) Det må leggast føre ein tinglyst privatrettsleg avtale om bruk av grunnen, eller de kan erhverve grunnen.

Eg håpar at dette var svar på spørsmåla dine. Eit brev med samla opplysningar kjem som nevnt. De står fritt til å velje om de vil nabovarsle dispensasjonssøknaden allereie no, eller om de vil vente til brevet frå oss kjem, men eg vil presisere at det kan som nevnt dukke opp fleire punkt.

Med venleg helsing



**Kristin Nielsen**  
Rådgjevar byggesak

---

**Fra:** Dag Dalland [<mailto:Dag.Dalland@erstad-lekven.no>]

**Sendt:** 20. januar 2015 10:57

**Til:** Kristin Nielsen

**Kopi:** Per Hammer ([per.hammer@forumarkitekter.no](mailto:per.hammer@forumarkitekter.no))

**Emne:** Knarvik Aust - felt B6 - søknad om rammetillatelse og parkering

Hei!

Vedlagt følger et notat med oppsummering etter gårsdagens konstruktive møte. Vi betrakter dette som er arbeidsdokument der vi ber om kommentarer for det gjøres endelig.

Det er ikke til å fornekke at undertegnede ble het i toppen da den korrekte framstillingen av saken ble klargjort. Vi ber om forståelse for feilen som har blitt gjort og håper det om litt skal bli mulig å bygge et flott prosjekt som vi mener vil stå fram som noe nytt og unikt for området.

Vi ber om evt. kommentarer til notatet og forsalg til videre organisering av arbeidet.

Mvh

Erstad & Lekven Utbygging AS

Dag Dalland